

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Til stede: Grete Müller, Elisabet B. Salte, Kari Toftøy-Andersen, Merete Hauge, Lene Nilsen (vara), Gunnar Ekeland, Henrik Aasved, Kristoffer Skjolden, Karl Olaf Sundfør, Charlotta Schaefer

Forfall: Jostein Bildøy

Møteleiar: Linn Bæra

Møtedato: 25.01.2018

Klokkeslett: 09.45-14.45

Møtenr: 1/18

Møtestad: Helse Vest RHF, Møterom Kjerag

Arkivref: -

Saksnr.	Emne	Ansvarlig
1/18	Innkalling blei godkjent.	Leiar Linn Bæra
2/18	Referat frå førre møte 6.11.17 blei godkjent.	Leiar Linn Bæra
3/18	<p>Orientering om deltaking i prosjekt/gruppe</p> <ul style="list-style-type: none"> Leiar Linn Bæra vil sende ut skjema til RBU om rapportering frå verv. Ho ønskjer en kort oppsummering frå adle verva som RBU er involvert i. Eit verv manglar i oversikta som blei sendt med sakspapira: Linn Bæra sitter i Programkomiteen for nasjonale kvalitet og registrekonferansen. Grete Müller kommenterte at ho er medlem av <i>brukarutvalet</i> i Pasientreiser HF. Sekretær endrar i RBU si oversikt over verv. Jostein og Grete har sendt brev med til Pasientreiser, om saka som blei tatt opp i førre møte (om transport og manglande sikring i buss). Grete refererte kort om saksbehandlingstida for reiserekninga til Pasientreiser har blitt kraftig redusert. Ved sist møte i programkomiteen for Program for pasienttryggleik blei det varslet om utfordringar med legemiddelsamstemming i Helse Vest. To pasientadministrative system som ikkje kan dele informasjon er en fare for pasientbehandlinga (Meona og respektformidlaren). RBU ønskjer å blir informert om Helse Vest sitt arbeid for å forbetre kvaliteten av legemiddelsamstemming. Sekretær tar kontakt med leiar for Program for pasienttryggleik for meir informasjon. Henrik orienterte om sitt verv i arbeidet med kreftkirurgi. Marianne Reve er peikt ut som vara for Henrik. Det vil 	Leiar Linn Bæra

	<p>sannsynlig kome noko sentralisering av kreftkirurgi. Henrik presiserte at kreftpasientar heller vil ha kvalitet i tenesta enn at tenesta er nær, og kan difor akseptere ein del reising. Det har blitt sagt at akuttkirurgi skal finnast i alle fire helseføretak.</p>	
4/18	<p>Rapportering frå Oppdragsdokumentet 2018 Baard-Christian Schem, fagdirektør, gjorde greie for nyheiter og vidareføringar i Oppdragsdokumentet 2018. Det ligg framleis føring om at tenesta skal rettast mot pasientar og ikkje for systemet.</p> <p>RBU meldte at dei ynskjer å involverast i arbeida med regional utviklingsplan.</p> <p>Fagdirektøren gjorde kort greie for utvalde tema i Oppdragsdokumentet: -Pakkeforløp hjerneslag, rus og PH -Standardisering og mindre variasjon -Heimedialyse -Screening tarmkreft -Utprøvande behandling -Billigaste legemiddel</p> <p>RBU var skuffa over at krav om samval ikkje blei nemnt i Oppdragsdokument 2018. Dei saknar også føringar om sanse- og universell utforming.</p> <p>RBU var positive til at start for helsehjelp no skal dokumenterast i journal. Dei var vidare positivt at behandlinga av KOLS blir løfta.</p>	<p>Fagdirektør Baard- Christian Schem</p>
5/18	<p>Invitasjonar til brukarutvalet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kvalitetskonferansen i Haugesund 25.-26- april. RBU har to plasser. Kari, Grete, Karl Olaf og Lene meldte interesse. • Brukarkonferanse 'Helt sikker? – ikke uten pasienten' i Lillestrøm 22.-23. mars. Helse Sør-Øst er arrangør. Kari, Elisabet og Karl Olaf meldte interesse. <p>Sekretær sender e-post om påmelding.</p>	<p>Leiar Linn Bæra</p>
6/18	<p>Orienteringar/brev til/frå brukarutvalet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Riksrevisjonen har publisert to rapporter; ei om tilvisingspraksis og ei om helseregistre. Leiar ber RBU orientere seg om rapportane. Dei blir sendt per e-post. • Henrik presenterte forslag til skjema for å lage en brukarbank. RBU har ikkje kapasitet og kompetanse til å ta alle verv dei mottar førespurnad om. Det blir sagt at brukarorganisasjonane har betre administrativ kapasitet til å drifte ei brukarbank. RBU bør heller bruka dei vara-representantane som blitt oppnemnt. 	<p>Leiar Linn Bæra</p>

	<p>Linn skal sende ut e-post til RBU og vara-representantar om rapportering av verv, kompetanse og interesse områder som brukarrepresentant.</p> <p>RBU vil invitere vara-representantane til et fellesmøte 4. april 2018. Linn, Grete og Charlotta førebur møtet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Grete tok opp at medisinmangel er eit reelt hot innan nokre medisinske felt. Har spesialisthelsetenesta gode nok lager. Pasientar må ha eigne lager for å føle seg trygge. Linn vil ta problematikken opp på eit styremøte. • Digital opplæring av brukarrepresentantar. Initiativ frå Helse Sør-Øst. Forslag om interregionalt arbeid om å lage ei kort opplæringsvideo om rollen som brukarrepresentant på systemnivå. Helse Sør-Øst har gjennomført ei utgreiing av opplæringa av brukarar. RBU meinte ikkje opplæringa treng å formaliserast i den grad Helse Sør-Øst har gjort det. Rapporten kan oppfattast som for omfattende. Brukarrepresentantar skal ikkje formast av administrasjonen. RBU støttar elles arbeid med å lage opplæringsvideo for brukarrepresentantar og ønskjer å bli involvert i arbeidet. • RBU-møte 5. mars blei flytta då både Linn og Grete har forfall. Ny møtedato 12. mars. 	
7/18	<p>Info om ForBedring Johanne Kalsheim, Helse Vest RHF, gjorde greie for den nye årlege undersøkinga.</p> <p>RBU etterspurte moglegheit for å sjå resultata saman med avvikssystem. ForBedring er i oppstart, første gong pasienttryggleikskultur og HMS ses i samem, gjennom å høste erfaringar kan neste undersøking syas samem.</p> <p>RBU vil følgje med på oppfølginga av undersøkinga og sjå korleis det koplast med anna forbetningsarbeid.</p>	Johanne Kalsheim, Helse Vest RHF
8/18	<p>Arbeide med Årleg melding 2017 Linn har byrja arbeide med Årleg melding. Alle RBU-representantar skal sende inn rapport frå sine verv (knytt til RBU) til Linn, senast 1. februar. Linn vil gjerne ha innspel på saker/tema som har vert viktig for spesialisthelsetenesta 2017.</p> <p>Frist for ferdig dokument 19. februar. Årleg melding frå Helse Vest og RBU blir handsama i styremøte 7. mars 2018.</p> <p>Det er høge forventningar til brukarrepresentantar, mange</p>	Leiar

	<p>forventas stille med kort frist, det bør problematiseras. Tema blir nemnt: rehabilitering, samhandling med kommunar (fleir re-innleggingar), økonomi/drift, samval og sansetap.</p> <p>Helse Vest har gjort eit godt arbeid med kreftkoordinatorer.</p>	
9/18	<p>'RBU si time'</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det blei drøfta korleis RBU skal følgje opp eksterne brukarrepresentantar. Eksterne rep. Skal sende status frå si arbeidsgruppe til leiar og nest-leiar to gong i året. Det bør skrivast ei rutine. Arbeidsutvala følgjer det opp. • Sist RBU møte blei noko kaotisk når 'deltaking i arbeidsgrupper' skulle handsamas. Det blir foreslått å berre ta korte oppsummeringar om det som er nytt frå sist. Store drøftingar må meldast inn som sak med notat på forhand. RBU treng ei meir systematisk gjennomgang for å halde kontroll på alt som skjer i arbeidsgrupper/nettverk/prosjekt. Sekretær førebur ei «rutine for oppfølging av arbeidsgrupper». • Det blei foreslått at ei rutine for å melde inn saker til RBU kan stå på helse-vest.no. <p>Sak til neste møte frå Elisabet: kven er reelle brukare? Tilsett i brukarorganisasjonar tar for stor makt. Kva tid er ein utdatert som brukar? Brukarmedverknad og profesjonalisering, kjent problemstilling innan forskning.</p>	Leiar
EVT	<p>Karl Olaf var brukarrepresentant i ei fagleg revisjon innan rusfeltet. Han reagerte på at ikkje brukarrepresentanten var tettare involvert i prosessen. RBU meinte praksisen til brukarinvolvering i faglege revisjonar er gått ut på dato. Linn vil skrive det inn i RBU si årleg melding og eventuelt ta det opp med styret. RBU planlegg å lage eit konkret forslag til korleis dei meiner brukarmedverknaden bør gjennomførast. Det blei sagt at dei som ønskjer brukarmedverknad bør synleggjøre ei metodikk for korleis dei har tenkt å involvere brukarar. Sekretær skal sende prosedyre for fagleg revisjon til Linn og Grete.</p> <p>Elisabet refererte frå Helsekonferansen, arr. KS. Ny helsereform 'Leve hele livet'. Tiltak der kommunar og helseføretak kan melde seg på prosjekt.</p> <p>Lene deltok som brukarrepresentant i ambulansely-prosjektet 5. januar. Det var eit vanskeleg møte der prosjektet ikkje hadde tenkt gjennom korleis brukarar kunne involverast. Lene skal få tilsendt sluttrapport frå prosjektet i vår.</p>	Leiar

	<p>Det er ei uro i sektoren for tida då mange piloter har sagt opp. Det vil kunne bli kritisk i nord-Norge om dei ikkje klarer å bemanne flyene.</p> <p>Lene og Rune (Helse Sør-øst) skriv ei oppsummering til møteleiinga, både om prosess og kommenterer til prosjektet.</p> <p>RBU gir si støtte til Lene og meinte ho hadde gjort ein god jobb.</p>	
--	---	--

Neste RBU-møte er den **12. mars (ikkje 5. mars) 2018 kl 0945 – 1445**. Saker meldes skriftlig 1 veke før møtet til sekretær, leiar og nestleiar.